

## Sakshandsaming

Handsaming av klage på hiuttak frå NOAH, dagsett 17.07.17. Klagen gjelder skadefellingsløyve på rev og hiuttak av eventuelle kvalpar, løyvd 26.06.17. Løyvet er utgått per d.d utgått og klagehandsaming vil kun gje prinsipielle konsekvensar.

## Bakgrunn

Landbrukskontoret mottok 19.06.17 søknad om hiuttak av rødrev. Søknad vart handsama og vedtak vart sendt ut 29.06.17 med varighet fram til 10.07.17. 25.07 mottok landbrukskontoret klage på vedtaket dagsett 17.07.17. I klagen kjem det fram at NOAH klagar på bakgrunn av artiklar i avisa Nordhordland 8. juli 2017 og Nationen 9. juli 2017.

Sauueigar har pr. telefon rapportert at fellingsforsøket ikkje lukkast, men at jakttrykket vert opprettholdt no i ordinær jakttid.

## Klagegrunner

NOAH har sett opp ein rekke paragrafar dei meiner ikkje er tatt hensyn til i vedtaket:

- Dyrevelferdslova  
§20 Jakt, fangst og fiske : «Jakt, fangst og fiske skal utøves på en dyrevelferdsmessig forsvarlig måte.»
- Lov om forvaltning av naturens mangfold(Naturmangfoldslova)  
§15 Forvaltning:  
«Høsting og annet uttak av naturlig viltlevende dyr skal følge av lov eller vedtak med hjemmel i lov. Ved enhver aktivitet skal unødig skade og lidelse på viltlevende dyr og deres reir, bo eller hi unngås.  
§18 første ledd, bokstav b:  
«Kongen kan ved forskrift eller enkeltvedtak tillate uttak av vilt (...)for å avverge skade på (...) husdyr,»

Vidare er det satt spørsmålsteikn ved om halv-øya er eit egna beiteområde for sauen og dei stadfestar vidare at NOAH meiner at hiuttak er uheldig i fasen da rev har kvalpar.

Avslutningsvis konkluderar Noah med at det ikkje må løyvast hijakt i revens yngletid.

## Lovgrunnlag

Skadefelling er løyvd etter *Forskrift om felling av viltarter som gjør skade eller som vesentlig reduserer andre viltarters reproduksjon* som er heimla i naturmangfaldlova § 18. Kommunen kan gje løyve til hiuttak på rev som gjer skade på beitande bufe, jamfør forskrifta kapittel II. B tredje ledd.

Forskrifta set generelle vilkår for skadefellingsløyve:

Kpittel I. i samme forskrift sett følgjande krav til skadefelling:

1. Avliving av viltarter i medhold av denne forskrift skal skje sikkerhetsmessig og humant forsvarlig.
2. Før felling plikter eier, bruker eller rettighetshaver i rimelig utstrekning å forsøke andre tiltak for å avverge skader eller redusere predasjon.
3. Avlives et mordyr i yngletid bør avkommet av dyrevernmessig hensyn om mulig avlives.

*«Viltlovens § 14 setter krav om at skade skal ha skjedd. Dette må forstås slik at skaden skal ha oppstått i inneværende sesong, og i et omfang som er av vesentlig økonomisk betydning for den skadelidte, eller som vil få tilsvarende betydning dersom skaden fortsetter.»*

Lovgrunnlaget for klage er *Forskrift om felling av viltarter som gjør skade eller som vesentlig reduserer andre viltarters reproduksjon* kapittel VI og §28 i forvaltningslova.

#### Vurdering

Klagar har rettsleg klageinteresse etter forvaltningslova og klagen er motatt innen fristen.

Dyreveldferdslova §20 stadfestar at jakt og fangst skal skje på ein dyrevelferdsmessig forsvarleg måte. Skadefellingsforskrifta kapittel I. punkt 1. stadfestar at avliving skal skje sikkerhetsmessig og humant forsvarlig. Punkt 3. i forskrifta seier at avkommet bør, om mogleg avlivast, når eit mordyr vert tatt ut i yngletida.

Naturmangfoldlova §15 stadfestar at uttak skal følgje love eller vedtak med heimel i lov. Skadefelling er løyvd med heimel i skadefellingsforskrifta og viltlova. Naturmangfoldlova §18, kommunens vedtak er heimla i skadefellingsforskrifta kapittel II. Punkt B., tredje ledd; «Kommunen kan tillate hijakt på rødreiv dersom denne forårsaker vesentlig skade på beitende bufe.»

Om øya er ein egna stad for sau.

Kommunen vil framheve at det er snakk om ei øy og ikkje halv-øy slik NOAH har framsatt saka. Øyane er i dag knytt saman av ein veg bygd over sunna mellom øy og holme. Landbrukskontoret har difor vurdert at risikoen for reetablering av rev er lavare enn på fastlandet.

#### Konklusjon

Det er rådmannen sin vurdering at det ikkje har komen fram nye opplysningar i klagen som gjev grunnlag for å ta klagen til følgje, Rådmannen rår til at vedtak i saka vert stadfesta.

Klagen vert sendt Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjer.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Klaga vert ikkje teke til følgje og vedtak i saka vert stadfesta.

Grunngjevinga går fram av saksframlegget.